

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Nord-Trøndelag.  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Frol  
 Emne: B E I T og B R O M. Bygdelag: Frol  
 Oppskr. av: Arne Vardehaug Gard: Sørholt  
 (adresse): Levanger G.nr. 13 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Alt dette høyrer fortida til . Då eg var kring 10 år (eg er nå 57) kan eg hugsar at folk (også far) om vårane , når forløysa var der , samla inn kvist (seleg) av bjørk til dyra . Dei samla og heim røsslyng. som var halde for eit godt for. Alle dyr fekk det . Eg hugsar at hesten og fekk lyng. Skav hugsar eg vart bruka seinare , men det var oftast når ein hadde slik ved heime.  
 ( Nå kan vi sjå at enkelte folk atter køyrer heim bar og kvist og lett sauene bita i ute om gode vinterdagar . Men det er etter agitason frå fagfolk og for at dyra skal halda seg friskare).

1286